

238/20 Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Vedtak:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og årsbudsjett 2021 datert 5. november 2020 vert vedteke slik det går fram av hefte med følgjande endringar:

- Det vert ikkje oppretta stilling som foreldre og ungdomsrettleiar (-700.000)
- Medlemsskapet i Sunnmøre Friluftsråd vert vidareført (+193.000)
- 500.000,- vert å tilføre kjøkendrifta ved omsorgssenteret i Hornindal
- Det må settast i gong ein prosess for å effektivisere og samkøyre drift, administrasjon og rutinar mellom kjøkena i Hornindal og Volda for å spare inntil ei stilling på kjøkenet i Hornindal.
- Kutt i spesialundervisning vert å stryke (400.000). Finansiering gjennom kutt i stab oppvekst med 50% stilling.

Dette gir slikt oppsett i følgjande budsjettskjema:

Budsjettskjema ligg som vedlegg til vedtaket.

2. Avsetjing og bruk av disposisjonsfond vert vedteke i samsvar med følgjande tabell:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Disposisjonsfond 01.01	58 776 130	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333
Avsetjing gjennom året		-	17 906 911	9 901 445	-
Bruk gjennom året	- 8 812 824	- 7 497 329	-	-	- 6 369 104
Disposisjonsfond 31.12	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333	63 905 230

3. Volda kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. 226 726 667 for år 2021, her av kr 10 000 000 til startlån for vidare tildeling.
4. Volda kommunestyre godkjenner at unytta rammer til investeringar i 2020 vert overført til budsjett 2021.
5. Volda kommunestyre godkjenner låneporteføljen til kommunen slik det går fram av saksframlegget og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2021.
6. Volda kommunestyre forventar ei avkastning på 5,01 % i år 2021 frå midlane som er plassert i porteføljen for langsiktig forvaltning
7. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 vert det gjort følgjande vedtak for utskrivinga av eigedomsskatt i Volda kommune for 2021:

- a) Volda kommune skal skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i år 2021, jf. Eigedomsskattelova §2 og §3 bokstav a)

- b) Volda kommune vel å nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag utarbeidd av Skattetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova §8 A-2. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter
- c) Skattesatsen vert sett til 2 promille i medhald av eigedomsskattelova §11 og §13
- d) Tidlegare Volda kommune og Bjørke-området skal skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med 3/7 delar i pr 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd første pkt.). Skattesats for særskilte skattegrunnlag skal vere på 2 promille
- e) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar
8. Løyvingar frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med kap. 5.5 i kommunedirektøren sitt framlegg
 9. Volda kommune sitt Digitaliseringsprogram, vedlegg til kommunedirektøren sitt framlegg, vert vedteke slik det ligg føre
 10. Kommunedirektøren vil presisere at tiltak i økonomiplanperioden av strukturelle endringar i tenesteproduksjonen, og som krev utgreiing og ev. høyring, skal leggjast fram som eigne saker
 11. Kommunedirektøren vert beden om å legge fram sak om nye lokaler for ungdomsklubben i Volda så tidleg som råd i løpet av første halvår 2021
 12. Volda kommune manglar alternativ vassforsyning til Dinglavtnet. Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide vidare med oppstarta arbeid med sikte på å trygge vassberedskapen eventuelt i samarbeid med Ørsta kommune.
 13. I samband med at administrasjonen planlegg å etablere kommunalt vaskeri, ber kommunestyret om at mulighetene vert undersøkt for eit interkommunalt samarbeid om vaskeri.
 14. Endring av driftsforma på Folkestadtun er ikkje utgreidd administrativ og, heller ikkje på nokon måte handsama politisk. Det som er oppført i kommunedirektøren sitt budsjettforslag, kap 3.7, side 44 og 45 - vedr Folkestadtun - vel difor kommunestyret å sjå bort frå.
 15. Kommunestyret ønskjer ein sterk heiltidskultur i Volda kommune med reduksjon av uønskt deltidsarbeid. Kommunestyret ber difor administrasjonen setje i gang forsøksordningar med alternativ arbeidstid og organisering for å oppnå styrka heiltidskultur.
 16. Kommunestyret ber om fokus på inkluderande arbeidsliv og ordningar og praksis som bidreg til å redusere sjukefråvær.
 17. Kommunestyret ber administrasjonen gå i dialog med Ørsta for å vurdere å

få ei lik ordning for berekningsgrunnlaget for sosialstønad for barnefamiljar.

18. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere moglegheiter for anna organisering av bemanningsressurs i barnehagar med lengre opningstid.
19. Kommunestyret ber om at ein ser opprusting av uteområdet ved samfunnshuset i samanheng med sentrumsprosjektet.
20. Kommunestyret ber administrasjonen om å sikre langsiktige lokalar for ungdomsklubben.
21. Kommunestyret viser til sak vedr finansiering av Voldsfjordkryssing AS i Volda formannskap den 17/11.2020 og i Volda kommunestyre den 26/11.2020. Straks avklaring ligg føre, - ref. pkt. 3 i vedtaket -, vil løyving for 2021 og 2022 bli teke opp til handsaming.

Behandling:

Felles framlegg frå SP, AP, SV, VL, MDG -TREKT, foreslått av Sverre Leivdal, Arbeidarpartiet:

Felles framlegg frå SP, AP, SV, VL, MDG

- Endring av driftsforma på Folkestadtun er ikkje utgreidd administrativ og, heller ikkje på nokon måte handsama politisk. Det som er oppført i kommunedirektøren sitt budsjettforslag, kap 3.7, side 44 og 45 - vedr Folkestadtun - vel difor kommunestyret å sjå bort frå.
- Kommunestyret ønskjer ein sterk heiltidskultur i Volda kommune med reduksjon av uønskt deltidsarbeid. Kommunestyret ber difor administrasjonen setje i gang forsøksordningar med alternativ arbeidstid og organisering for å oppnå styrka heiltidskultur.
- Kommunestyret ber om fokus på inkluderande arbeidsliv og at det vert sett i gang utviklingsarbeid som bidrar til å redusere sjukefråvær.
- Kommunestyret ber administrasjonen gå dialog med Ørsta for å vurdere å få ei lik ordning for berekningsgrunnlaget for sosialstønad for barnefamiljar.
- Det er mangel på lærlingplassar i fylket og kommunestyret oppmodar difor Volda kommune om å opprette fleire læreplassar (lære kandidatlar og lærlingplass) for elevar i vidaregåande opplæring.
- Kommunestyret ber administrasjonen vurdere bemanningssituasjonen i barnehagar med utvida opningstid.
- Kommunestyret ber om at ein ser samfunnshuset i samanheng med sentrumsprosjektet.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å sikre langsiktige lokalar for ungdomsklubben.
- Kommunestyret viser til sak vedr finansiering av Voldsfjordkryssing AS i Volda formannskap den 17/11.2020 og i Volda kommunestyre den 26/11.2020. Straks avklaring ligg føre, - ref. pkt. 3 i vedtaket -, vil løyving for 2021 og 2022 bli teke opp til handsaming.

Endringsforslag:

- Det vert ikkje oppretta stilling som foreldre og ungdomsrettleiar (-700.000)
- Medlemsskapet i Sunnmøre Friluftsråd vert vidareført (+193.000)
- 500.000,- vert å tilføre kjøkendrifta ved omsorgssenteret i Hornindal
- Det må settast i gong ein prosess for å effektivisere og samkøyre drift, administrasjon og rutinar mellom kjøkena i Hornindal og Volda for å spare inntil ei stilling på kjøkenet i Hornindal.
- Kutt i Spesialundervisning vert å stryke (400.000). Finansiering gjennom kutt i stab oppvekst med 50% stilling.

Ungdomsklubben, foreslått av Arild Iversen, Kristeleg Folkeparti:

Kommunedirektøren vert beden om å legge fram sak om nye lokaler for ungdomsklubben i Volda så tidleg som råd i løpet av første halvår 2021

Reservevassforsyning i Volda, foreslått av Arild Iversen, Kristeleg Folkeparti:

Volda kommune manglar alternativ vassforsyning til Dinglavtnet. Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide vidare med oppstarta arbeid med sikte på å trygge vassberedskapen eventuelt i samarbeid med Ørsta kommune.

Kommunalt vaskeri, foreslått av Arild Iversen, Kristeleg Folkeparti:

I samband med at administrasjonen planlegg å etablere kommunalt vaskeri, ber kommunestyret om at mulighetene vert undersøkt for eit interkommunalt samarbeid om vaskeri.

Driftstilskot stiftinga Volda gamle gymnas - TREKT, foreslått av Arild Iversen, Kristeleg Folkeparti:

Kommunestyret løyver kr 25 000 som driftstilskot for 2021 til stiftinga Volda gamle gymnas.

Inndekking er kulturmidlar i sektor for administrasjonsstab, personal og økonomi.

Nytt fellesframlegg frå SP, AP, SV, VL, MDG, foreslått av Sverre Leivdal, Arbeidarpartiet:

Felles framlegg frå SP, AP, SV, VL, MDG

- Endring av driftsforma på Folkestadtun er ikkje utgreidd administrativ og, heller ikkje på nokon måte handsama politisk. Det som er oppført i kommunedirektøren sitt budsjettforslag, kap 3.7, side 44 og 45 - vedr Folkestadtun - vel difor kommunestyret å sjå bort frå.
- Kommunestyret ønskjer ein sterk heiltidskultur i Volda kommune med reduksjon av uønskt deltidsarbeid. Kommunestyret ber difor administrasjonen setje i gang forsøksordningar med alternativ arbeidstid og organisering for å oppnå styrka heiltidskultur.
- Kommunestyret ber om fokus på inkluderande arbeidsliv og ordningar og praksis som bidreg til å redusere sjukefråvær.
- Kommunestyret ber administrasjonen gå i dialog med Ørsta for å vurdere å få ei

lik ordning for berekningsgrunnlaget for sosialstønad for barnefamiljar.

- Kommunestyret ber administrasjonen vurdere moglegheiter for anna organisering av bemanningsressurs i barnehagar med lengre opningstid.
- Kommunestyret ber om at ein ser opprusting av uteområdet ved samfunnshuset i samanheng med sentrumsprosjektet.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å sikre langsiktige lokalar for ungdomsklubben.
- Kommunestyret viser til sak vedr finansiering av Voldsfjordkryssing AS i Volda formannskap den 17/11.2020 og i Volda kommunestyre den 26/11.2020. Straks avklaring ligg føre, - ref. pkt. 3 i vedtaket -, vil løyving for 2021 og 2022 bli teke opp til handsaming.

Endringsforslag:

- Det vert ikkje oppretta stilling som foreldre og ungdomsretteleiar (-700.000)
- Medlemsskapet i Sunnmøre Friluftsråd vert vidareført (+193.000)
- 500.000,- vert å tilføre kjøkendrifta ved omsorgssenteret i Hornindal
- Det må settast i gong ein prosess for å effektivisere og samkøyre drift, administrasjon og rutinar mellom kjøkena i Hornindal og Volda for å spare inntil ei stilling på kjøkenet i Hornindal.
- Kutt i spesialundervisning vert å stryke (400.000). Finansiering gjennom kutt i stab oppvekst med 50% stilling.

Sverre Leivdal (Ap) fremja fellesframlegg på vegne av partia SP, AP, SV, VL og MDG.

Arild Iversen (Krf) kom med framlegg om ungdomsklubb, reservevassforsyning, kommunalt vaskeri og driftstilskot stiftinga Volda gamle gymnas.

Arild Iversen trekte framlegget om driftstilskot for stiftinga Volda gamle gymnas.

Sverre Leivdal trekte fellesframlegget og fremma nytt fellesframlegg på vegne av partia SP, AP, SV, VL, MDG.

Røysting (9 røysteføre):

Framlegget frå Arild Iversen om ungdomsklubb vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arild Iversen om reservevassforsyning i Volda vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arild Iversen om kommunalt vaskeri vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta punktvis over fellesframlegget frå SP, AP, SV, VL og MDG:

Punkt 1 vedr. Folkestadtun vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vedr. heiltidskultur vart samrøystes vedteke.

- Punkt 3 vedr. inkluderande arbeidsliv vart samrøystes vedteke.
- Punkt 4 vedr. sosialstønad for barnefamiliar vart samrøystes vedteke.
- Punkt 5 vedr. bemanningssituasjonen i barnehagar vart samrøystes vedteke.
- Punkt 6 vedr. området kring samfunnshuset og sentrumsprosjekt vart samrøystes vedteke.
- Punkt 7 vedr. ungdomsklubb vart samrøystes vedteke.
- Punkt 8 vedr. Voldsfjordkryssing vart samrøystes vedteke.

Endringsforslag:

- Punkt 1 vedr. foreldre og ungdomsrettleiar fekk sju røyster og vart vedteke, Arild Iversen og Dan Helge Bjørneset røysta mot.
- Punkt 2 vedr. Sunnmøre friluftsråd vart samrøystes vedteke.
- Punkt 3 vedr. kjøkkendrift Hornindal vart samrøystes vedteke.
- Punkt 4 vedr. prosess kjøkkendrift, vart samrøystes vedteke.
- Punkt 5 vedr. spesialundervisning fekk sju røyster og vart vedteke, Arild Iversen og Dan Helge Bjørneset røysta mot.

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringane ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021-2024 og årsbudsjett 2021 datert 5. november 2020 vert vedteke slik det går fram av hefte med følgjande endringar:

-
-
-

Dette gir slikt oppsett i følgjande budsjettskjema:

2. Avsetjing og bruk av disposisjonsfond vert vedteke i samsvar med følgjande tabell:

	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024
Disposisjonsfond 01.01	58 776 130	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333
Avsetjing gjennom året		-	17 906 911	9 901 445	-
Bruk gjennom året	- 8 812 824	- 7 497 329	-	-	- 6 369 104
Disposisjonsfond 31.12	49 963 306	42 465 977	60 372 888	70 274 333	63 905 230

3. Volda kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. 226 726 667 for år 2021, her av kr 10 000 000 til startlån for vidare tildeling.
4. Volda kommunestyre godkjenner at unyttta rammer til investeringar i 2020 vert overført til budsjett 2021.
5. Volda kommunestyre godkjenner låneporteføljen til kommunen slik det går fram av saksframlegget og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2021.
6. Volda kommunestyre forventar ei avkastning på 5,01 % i år 2021 frå midlane som er plassert i porteføljen for langsiktig forvaltning
7. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 vert det gjort følgjande vedtak for utskrivninga av eigedomsskatt i Volda kommune for 2021:

- a) Volda kommune skal skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i år 2021, jf. Eigedomsskattelova §2 og §3 bokstav a)
 - b) Volda kommune vel å nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag utarbeidd av Skattetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova §8 A-2. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter
 - c) Skattesatsen vert sett til 2 promille i medhald av eigedomsskattelova §11 og §13
 - d) Tidlegare Volda kommune og Bjørke-området skal skrive ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med 3/7 delar i pr 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd første pkt.). Skattesats for særskilte skattegrunnlag skal vere på 2 promille
 - e) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar
8. Løyvingar frå kraftfondet vert vedteke i samsvar med kap. 5.5 i kommunedirektøren sitt framlegg
 9. Volda kommune sitt Digitaliseringsprogram, vedlegg til kommunedirektøren sitt framlegg, vert vedteke slik det ligg føre
 10. Kommunedirektøren vil presisere at tiltak i økonomiplanperioden av strukturelle endringar i tenesteproduksjonen, og som krev utgreiing og ev. høyring, skal leggjast fram som eigne saker